

# Referat frå instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 2. februar 2022 (i Teams)

**Til stades:**

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Lene M. Johannessen og Kevin McCafferty.

Frå gruppe B: Runa Falck.

Frå gruppe C: Anne Hestnes.

gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg, Jihad Ammar Al-Mahdi.

Martin Paulsen kom under sak 4.

Arve Kjell Uthaug var sekretær for møtet.

**Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

**Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 8. desember 2021.**

Godkjent utan merknader.

**Sak 3 – orienteringssaker**

- a) Instituttet har lyst ut fem stipendiatstillingar med oppstart tidleg hausten 2022. Over halvparten av søknadene er avviste (dei fleste fordi søkjarane mangla rettleiar, andre fordi søkjarane mangla mastergrad som oppfylte krava, eller mangla tilstrekkeleg dokumentasjon av mastergraden). Det er oppnemnd ein komité som skal vurdere dei tretti søknadene som ikkje er sorterte bort. Instituttet reknar med å få den sakkunnige rapporten i april.
- b) Utlysing og tilsetjing i andre stillingar ved instituttet: Roxana Sobrino er tilsett i vikariat som lektor på spansk i 2022, Camille Quiquerez er tilsett som vikar på fransk våren 2022, russiskfaget er i ferd med å få tilsett i eit vikariat i 2022 og innstillinga til den faste stillinga på Nettarabisk blir sendt frå instituttet i 2. februar.
- c) Instituttet har ingen søknader til TMS denne våren, men vi får to søknader til ERC og det er sendt inn heile elleve søknader til NFR frå IF.
- d) Presentasjon av ny instituttleiare Martin Paulsen (sjå under sak 5).

**Sak 4 – Rekneskap for 2021 og budsjett for 2022**

Uthaug orienterte om driftsbudsjettet (GA) for 2022.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tek til vitende rekneskapen for 2021 og vedtek driftsbudsjettet (GA) for instituttet i 2022.*

**Sak 5 – Arbeidet med prinsippa for bemanningsplanen og strategien ved fakultetet**

Den påtroppande instituttleiaren Martin Paulsen presenterte seg for instituttrådet. Han arbeider no i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, og har ei lita delstilling ved fakultetet fram til han tiltrer som instituttleiare ved IF 1. april.

Paulsen orienterte om signala frå fakultetsseminaret tidlegare i semesteret om det vidare arbeidet med rammene og premissane for bemanningsplanen ved fakultetet. Vi er inne i ein viktig fase i strategiarbeidet ved fakultetet, og fakultetsleiinga ønskjer eit godt oversyn over den konkrete ressursbruken på faga ved alle institutta. Fakultetet og institutta står i ein krevjande økonomisk situasjon, og vi ser for oss at denne situasjonen ikkje er forbigåande. Vi vil måtta gjera val som gjeld organiseringa av undervisninga framover.

Fakultetet vil senda ut eit årshjul for det vidare arbeidet, og instituttet legg opp til å oppdatera ressursrekneskapen for alle emna våre i 2022.

Kevin McCafferty  
Instituttleder

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef